

## Folkehelseprisen: **Sotra og Øygarden Turlag for arbeidet med Kystpasset.** Nominasjonstekst frå Sigurd Hope:

«Med Kystpasset har Sotra og Øygarden Turlag aktivisert mange tusen personar frå Øygarden kommune og mange andre stader i Noreg. i 2021 vart det registrert ca 27 000 turar i "Sjekk-ut appen". I tillegg kjem dei som ikkje registrerte turane på mobiltelefonen. Etter at Kystpasset starta i 2013, er det delt ut mange tusen kystpasshefter og klippekort, ca 18 000 i 2021. Det er laga eit nytt kystpass for kvart år etter starten i 2013. Kwart hefte inneheld informasjon om og kart for 30 turar, jamt fordelt over heile Øygarden kommune. I 2022 er det teke i bruk ein ny app (Ut-appen) for å registrera kvart av dei 30 turmåla. Ein treffer mange folk ute i løypen kvar gong ein er ute på ein av turane. Dei fleste helsar blidt og mange slår av ein prat og kjem med gode råd og erfaringar. Her treffer ein folk i alle aldrar, frå dei som sit i beremeisen til mor eller far til dei som støttar seg til både ein og to stavar. God trim, god balansetrening, oppleving av vår vakre natur er nokre av dei gode argumenta for å nytta Kystpasset. Er ikkje dette folkehelse, so veit ikkje eg. Det er gjort ein enorm innsats for å laga gode stiar fram til turmåla. God merking med skilt og løypemerker. Klopper og trapper for å kryssa ulendt terreng. Tau og rekkverk for å forsera vanskelege fjellknausar. Kvista greiner frå tre og busker som heng inn i stiane. Mange av stiane er lagt innom stader der borna kan leike i naturen. Ein kan finna gode kvileplassar kor ein kan ta seg inn at etter strevsame etappar. Me har eit unikt turterreng i Kommunen vår. Kystpasset har lagt til rette for at alle skal kunna oppleva og nytta alle desse flotte stadane. Sotra og Øygarden Turlag har lagt ned eit enormt arbeid i å marknadsføra Kystpasset. Heilt sidan det først kystpasset kom ut i 2013 er det kvart år laga eit delikat hefte kor ein finn utfyllande informasjon og kart for kvar tur. Heftet har blitt finare og betre for kvart år. Det er laga fantastisk flotte videoar og biletsierar som ligg på Internet som viser kva ein kan oppleva når ein nyttar stiane i Kystpasset. Nokre av turane vert byta ut med nye turar for kvart år, slik at ein over tid kan få vitja enno fleire stader i kommunen. Under Covid 19 pandemien auka talet på personar som nytta seg av Kystpasset, dramatisk. Dette var eit fantastisk godt tiltak for å aktivisera folk i ei vanskeleg tid. At ein kunne registrera turane på mobiltelefonen reduserte faren for å smitta andre. Sidan kvart Turpass varer eit heilt år, gjev det moglegheit for dei fleste til å klara dei fleste turane. Folk ein snakkar med meiner dei er komne i betre form etter at dei har byrja å gå turane i Kystpasset. Eg meiner Sotra og Øygarden Turlag sin innsats for å laga dette tilbodet som Kystpasset er, kvalifiserer til å få årets Folkehelsepris.»